

Møteprotokoll



Utval: **Formannskap**
Møtestad: Kommunestyresalen, Midtgard
Dato: 12.01.2018
Tid: 10:00 – 15:00

Faste medlemmer som møtte:

Anne-Lise Marstein	Medlem	AP
Bjarne Eiolf Holø	Leder	SP
Marit Sletten	Medlem	SP
Kristian Frisvold	Medlem	BL

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Eilev Hellekveen	LL
------------------	----

Varamedlemmer som møtte:

Synne Skogsrud Bjørgen	LL
------------------------	----

Frå administrasjonen møtte:

Ola Helstad	Administrasjonssjef
-------------	---------------------

Underskrift:

Vi stadfestar at møteboka er i samsvar med det som vart vedteke i møtet.

_____	_____	_____
_____	_____	_____
_____	_____	_____

Sakliste

Saksnr	Innhold	Lukket
RS 1/2018	Klassifisering og ansvarsdeling av fylkesveg i Lom kommune	
DRS 1/2018	Drøftingsnotat. Referering av delegerte vedtak i kommunestyret	
PS 1/2018	Offentleg ettersyn av framlegg til detaljreguleringsplan for Brubakken	
PS 2/2018	NY SAMARBEIDSAVTALE OM INTERKOMMUNAL 110-SENTRAL I INNLANDET	
PS 3/2018	117/001 - Søknad om frådelling - Marvin Flaten	
PS 4/2018	Lom kommune - eigarskap i Lom Tamreinlag ANS org. nr. 969 545 063	

Orienteringssaker

Diverse Utgard - Styring av varme, vatn og ventilasjon, leigeavtale med Oppland Fylkeskommune og oppvarming av basseng

Varme, vatn og ventilasjon

Det vart vist til utsendt rapport frå UnionConsult Raad AS (dagsett 14 nov 2017) og brev frå Adv.firma Thallaug Ans til GK Rør AS og Lillehammer Ventilasjon AS (dagsett 21 des 2017).

Ingeniør bygg orienterte om rapporten frå UnionConsult Raad AS og viste til påståtte mangelfulle leveranser i samband med varmestyringa i Utgard, samt konsekvensar av dette for styring av varme, vatn og ventilasjon i Utgard.

Administrasjonssjef orienterte om at Adv.firma Thallaug AnS er engasjert i saka jfr utsendt informasjon til formannskapet. Kommunen rådfører seg med Adv.firma Thallaug AnS i høve vidare oppfølging frå kommunen. Formannskapet tok orienteringa til etterretning.

Leigeavtale Oppland Fylkeskommune

Administrasjonssjef orienterte om prosess med evaluering/oppdatering av leigeavtala med Oppland Fylkeskommune. Det er von om at denne avtalen blir oppdatert etter forutsetningane om kort tid.

Svømmebassenget i Utgard

Det vart vist til spørsmål stilt av Marit Sletten under dagsordentimen i formannskapet den 5 desember. Ingeniør bygg gjorde rede for vurderte konsekvensar som flg av å justere opp temperatur til for eksempel varmtvassbadning.

Det vart gjort ei bestilling på ei utprøving av oppvarma basseng i ei kortare periode basert på dialog med brukargrupper. Erfaring frå denne prøveperioda blir tatt inn i ei evaluering når den er gjennomført.

Drøftingssaker

Evaluering og planlegging av dialogkonferansene

Ordførar innleia. Det er ynskjeleg at to av dialogkonferansene i større grad er dedikert den økonomiske situasjonen. Ei av desse blir i oktobermøtet i tråd med budsjettvedtaket for 2018. Det vart understreka at møteplassar for dialog er viktig..

Frå administrasjonen vart det gjeve ei kort erfaringsdeling. Det vart peika på at dialogkonferansene kan utvikle seg til å bli meir strategisk utfordrande og framtidsretta. Vidare blir det vurdert som eit forbetningsområde at tverrsektorielle utfordringar i større grad blir utfordra. Som døme på slike er nemnt digitalisering, folkehelsearbeid og friviljug sektor.

Formannskapet ber om framlegg til dialogkonferanser for 2018 frå administrasjonssjefen. Aktuelle tema er digitalisering og folkehelsearbeid. To av dialogmøta skal i vesentleg grad dedikerast økonomi.

Planlegging og avklaring av dialogkonferansene blir lagt til etablerte formannskapsmøte etter framlegg frå administrasjonen.

Evaluering budsjettprosess

Ordførar innleia. Innsyn i og forståing for budsjett er viktig og blir sett på som eit forbetningsområde. Det er viktig å skape forståing i så tidleg fase som råd. Formannskapet drøfta ulike tiltak for å høgde forståinga for budsjettet og forutsetningane for dette. Formannskapet vil ta med seg dette i planlegging av dialogkonferansene samtidig som at enkelttiltak knytt til møte i formannskap og kommunestyre vil bli vurdert av formannskapet.

Vidare arbeid med kommunedelplanen for Fossbergom

Plan- og miljøkonsulent Sander Sælthun var med under denne drøftinga. Det vart vist til drøftingsnotat utarbeidd av Sander Sælthun. Formannskapet tok orienteringa til etterretning. Formannskapet ynskjer primært at det blir lagt til rette for dialogmøte vedr saka i Lom.

Eigarskapsmelding

Ordførar og administrasjonssjef orienterte.

Administrasjonssjef om status og framdrift for eigarskapsmelding. Dette gjeld både tradisjonell eigarskapsmelding med kartlagte utviklingspunkt. Det vart vidare reist spørsmål om korleis interkommunalt samarbeid og kan formast etter mal for eigarskapsmelding slik at dette vil fungere overfor kommunestyret med vekt på kommunestyrets informasjonsbehov og styring.

Formannskapet er innforstått med at sak vedr eigarskapsmelding blir lagt fram for kommunestyret i juni 2018. Det er vidare ynskjeleg at oversikt/melding med interkommunale samarbeid blir lagt fram samtidig. Denne meldinga kan t.d. vera som vedlegg til eigarskapsmelding evt som eiga separat melding.

Landbrukskontor og interkommunalt samarbeid omkring dette

Administrasjonssjef orienterte om status i arbeidet med vurdering av vertskommune. Det har vore arbeid med utgangspunkt i attendemelding frå formannskapet i møte i august og at det skulle arbeidast med at Vågå kommune i første omgang skulle vera vertskommune for landbruk i Lom kommune. Det vart vist til uttale frå faglaga i Lom dagsett 14 november 2017. Vidare vart e-post dagsett 7 november 2017 frå rådmannen i Skjåk kommune referert. Rådmennene i Skjåk, Lom og Vågå har hatt dialog om saka den 9 januar, der konklusjonen var at rådmannen i Vågå skulle sjå på saka og invitere rådmennene i Skjåk og Lom til dialog om dette.

Formannskapet tok orienteringa til etterretning. Frå formannskapet vil det vera primært ynskje at alle kommunane i Ottadalen finn saman i eit fellesskap – gjerne ved å bygge på eksisterande vertskommuneavtale med Vågå kommune som vertskommune. Dette synspunktet er basert på å kunne gje gode tenester til ei viktig næring med samordna ressursinnsats. Administrasjonen arbeider vidare med saka.

Borgarleg vigsel

Ordførar orienterte og viste til lovheimel. Kommunen imøtekjem krava i loven ved at ordførar og varaordførar har mynde til å gjennomføre borgarleg vigsel. Ordførar vil ta ansvar for tilrettelegging frå kommunen med informasjon om tilbodet.

Dagsordentime

LVK regionmøte 6-7 mars 2018

Ordførar orienterte om LVK regionmøte den 6 – 7 mars. Formannskapet ber ordførar om å vurdere og evt legge til rette for deltaking frå formannskapet på regionmøtet. Ordførar og formannskap vart oppfordra til å spela inn aktuelle tema på regionmøtet.

Budsjettvedtak 2018 - effektivering

Adm.sjef orienterte om at arbeidet med effektivering av budsjettvedtaket er iverksett. Etter gjennomgang av budsjetttrammene med budsjettansvarlege vil det bli nødvendig med reduksjonar i talet på tilsette. Prosess med reduksjon av tilsette er iverksett. Det blir dialog med tillitsvalde vedr dette i komande veke der avklaring på område for overtallige og utval av stillingar blir iverksett.

Det blir lagt fram sak til kommunestyret for vedtak og igangsetting av investeringstiltak.

Kyrkjelydshuset

Varaordførar viste til informasjon frå kyrkja om at kommunen ikkje har støtta Kyrkjelydshuset. Varaordførar viste til at kommunen har vore på tilbodssida med tanke på å legge til rette for kommunalt areal til kyrkjelege handlingar. Ordførar stadfesta dette.

Ordførar orienterte elles om at det vil bli vigsla komande søndag og at kommunen dekkjer servering i samband med vigslinga.

Politirådet

Ordfører orienterte om etablering av felles politiråd

Referatsaker

Referatsak 1/2018

Behandling

Vedtak

Referatsak 1/2018 blir tatt til orientering. Samrøystes.

RS 1/2018 Klassifisering og ansvarsdeling av fylkesveg i Lom kommune

DRS 1/2018 Drøftingsnotat. Referering av delegerte vedtak i kommunestyret

Saksprotokoll i Formannskap - 12.01.2018

Behandling

Leiar for servicetorget Trond Byre-Haakensen orienterte innleiingsvis. Det vart og vist til utsendt notat vedr saka.

Formannskapet ynskjer primært at vedtak som er gjort ikkje blir behandla som delegerte vedtak slik rutinen er nå. Denne praksisen blir innført med umiddelbar virkning. Det blir gjort ei orientering om dette i komande kommunestyremøte der oppdatering på korleis folkevalde kan oppdatere deg i høve vedtatte saker etter delegert mynde og til journalpostar generelt.

Det vart nemnt at dette, gjerne saman med habilitet, kan vera aktuelt tema på ei dialogkonferanse

Vedtak

Nåverande rutine med rapportering av delegerte vedtak blir avvikla. Leiarfor servicetorg orienterer om dette og oppdaterer kommunestyret i korleis dei kan sette seg inn i vedtak som er gjort etter delegert mynde i komande kommunestyremøte.

PS 1/2018 Offentleg ettersyn av framlegg til detaljreguleringsplan for Brubakken

Innstilling frå administrasjonssjefen:

Lom kommune vedtek i medhald av plan- og bygningslova §12-10 og 12-11 å leggje forslag til detaljreguleringsplan for Brubakken ut til høyring og offentleg ettersyn.

Frist for å komme med uttale og evt. motsegn til planforslaget blir sett til minimum seks (6) veker frå planen blir lagt ut til offentleg ettersyn. Planforslaget omfattar planomtale med gjennomgang av innkomne merknader og risiko-og sårbarheitsanalyse, plankart i målestokk 1:1000, planføresegner og tekniske planteikningar.

Saksprotokoll i Formannskap - 12.01.2018

Behandling

Vedtak

Som innstillinga. Samrøystes.

PS 2/2018 NY SAMARBEIDSAVTALE OM INTERKOMMUNAL 110-CENTRAL I INNLANDET

1 Forslag til samarbeidsavtale om felles 110- nødalarmeringssentral

Innstilling frå administrasjonssjefen:

1. Lom kommunestyre vedtek samarbeidsavtale om felles 110-naudalarmeringssentral, slik det framgår av vedlegg 1 til saksframlegget.

2. Kommunestyret delegerer kommunen sin mynde og pliktar i høve til § 16 i brann- og eksplosjonsvernloven, av 14. juni 2002 nr. 20 om naudalarmeringssentral med tilhøyrande forskrift, til administrasjonssjefen. Administrasjonssjefen blir pålagt å vidaredelegere denne mynden til rådmannen i Hamar kommune. Myndet omfattar ikkje saker av prinsipiell art.

Rådmannen i Hamar sin mynde og oppgåver etter avtalen kan vidaredelegerast.

3. Kommunestyret gjev med heimel i § 4-6 i forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen av 26. juni 2002 nr. 729 vertskommunen fullmakt til å kunne fråvike ordinær varslingsplan når operatøren i 110-sentralen meiner det er naudsynt for rask og tilstrekkeleg bistand, uavhengig av kor hendinga er.

Saksprotokoll i Formannskap - 12.01.2018

Behandling

Forslag frå formannskapet

Som innstillinga. Samrøystes.

PS 3/2018 117/001 - Søknad om frådelling - Marvin Flaten

Innstilling frå administrasjonssjefen:

Med heimel i jordlovas § 12 avslår Lom kommune søknaden frå Marvin Flaten om dele frå gnr. 115 bnr. 1 og 116 bnr.1 m.fl frå driftseininga gnr. 115, 116 , 117 bnr.1 m.fl.

Ved avgjerda legg ein vekt på at driftseininga 115/1, 116/1 og 117/1 har avgrensa grovforareal i forhold til mjølkekvota eininga disponerer, og at det vil vere ei lite framtidretta løysing.

Saksprotokoll i Formannskap - 12.01.2018

Behandling

Forslag frå ordførar:

Saka blir utsett.

Ved votering over utsettingsforslaget røysta fire for utsetting. Ein repr. røysta for å behandle saka.

Vedtak

Saka blir utsett.

PS 4/2018 Lom kommune - eigarskap i Lom Tamreinlag ANS org. nr. 969 545 063

Innstilling frå administrasjonssjefen:

Lom kommune sender oppmoding til styret i Lom tamreinlag ANS og ber om at det blir vurdert å omdanne selskapet til aksjeselskap.

Saksprotokoll i Formannskap - 12.01.2018

Behandling

Vedtak

Som innstillinga. Samrøystes.